



## Grøn smitteeffekt! ☀


*Smittande smil, smittande engasjement og ikkje minst smittande gode tiltak!  
Tusen takk for uvurderlege bidrag og gratulerer med årets resultat!*

Alle direkte klimagassutslepp fortsetter i god driv nedover!

6 partnernærkesemder er fossilfri og fleirtalet har mål om å bli det i god tid før 2030.

Den grønne innkjøpsmuskelen er blitt sterkare; Statsbygg og Studensamskipnaden Sammen stiller krav om fossilfri bygg- og anleggsvirksomhet. Mange reduserer matsvinn. Fleire vil stille krav til leverandørar om å bli fossilfri og ved nyttår går fristen Fjordkraft har satt til sine leverandørar om å bli klimanøytrale ut.

Det meldast samstundes om at klimatiltak er lønnsame på sikt og at grønare produkt og tenester prioriterast. Klimapartnere er blitt ei kraft vi kan være stolte av og framover skal vi gjere som “Bukkane Bruse”; bli større og sterkare! Det er derfor ekstra gledeleg at Os kommune blir med i det gode selskap og at nettverket no tel 30 verksemder som jobbar side om side etter Klimapartnere metoden for å skape ein grønnare region!



Meir informasjon om resultat frå årets klimaregnskap finn du [her](#).




**Arrangement** I løpet av 2018 har vi hatt 6 partnernemøter.

[Toppleiarmøte](#) på Oseana Kunst- og kultursenter med fokus på leiing mot ein grønare region. Seminar om Grønne Arrangement og Festivalar, oppstartsmøte for årets klimaregnskap, seminar i serien om [grøn transport](#) og i serien om [klima-kommunikasjon](#). Rett før sommaren var det [utvida leiarmøte](#) i strålande omgjevndar på Fløyen, med både geitar og Trollala.



**Nye partnerar & regionar** I januar signerte vi stolt inn [Oseana](#) , [Statsbygg](#) , [Kavli](#) og [Fløyen](#). I juni var det stor stas å også kunne ønske [NorEngros](#) inn i varmen. Vi dessutan svært glade for at [Os kommune](#) blir partner nr 30, samt at fleire er undervegs. Systemnettverket vårt i Rogaland har no 10 partnerverksemdar og Klimapartnere Trøndelag etablerast i haust. Dette er ei stor styrke at Østfold, Nordland og Oppland også vurderer oppstart! Ein ekstra takk til de som er med fleire stadar!



**Beste praksis** I januar ga vi ut en samling med 10 beste [praksis eksempel](#) frå våre verksemdar. I løpet av våren har TV-vest følgt mange av våre partnerar gjennom tv-serien «[Den Grønne Byen](#)» og vi har saman med Atea skreve artikkel om [grøn digitalisering](#). Jammen blei ikkje også prosjektleiar [intervjua](#) på BBC om den grønne transportrevolusjonen i Noreg (kjem på 24 minutter inn i sendinga).

Undertegnande har permisjon frå september til juni 2019, for ei lenger reise saman med familien (følg oss gjerne på “[Futurelust](#)”). Eg vil forsatt arbeide med nasjonal regionsstøtte, medan Anne-Kathrine Torvund i perioden vil leie nettverket i Hordaland med stødig hand! Saman har vi utarbeida eit spanande årshjul, som vi trur de vil like og som de vil få meir informasjon om rett over sommaren. Det blir rart å reise frå “babyen”, men eg gler meg desto meir til å kome attende til alt det spanande de vil ha fått til! Tusen takk for fantastiske 4,5 år så langt, der de har imponert stort! Eg gler meg veldig til fortsettelsen!

**Med ønsker om ein strålande sommar til deg og dine!**

Helene Frihammer  
Klimapartnere Hordaland  
Tel: + 99 08 77 00  
[hfrihammer@klimastiftelsen.no](mailto:hfrihammer@klimastiftelsen.no)

